



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Thon Hotel Jølster
Møtedato	13.02.2018
Kl.	13:15-15:30

Faste medlemmer til stades:

Noralv Distad H
Bjørn Hollevik H
Sigurd Reksnes Sp
Arnstein Menes Sp
Gunn Sande Sp
Helen Hjertaas Ap
Harald Bjarte Reite Ap
Stein Malkenes MDG

Forfall til møtet:

Gunnhild Berge Stang V

Varamedlemmer til stades:

Tore Fossen H

Til stades med møte- og talerett:

Dina Lefdal

Sekretariat for møtet:

Monica Åsnes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutval for samferdsle valde møteleiar og Arnstein Menes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orientering frå Jølster kommune v/ ordførar Jakob A. Sandal

Orientering frå kollektiv v/Øystein Hunvik

SAK 1/18 Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr til etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen på følgjande vilkår:
 - a. Prosjektet må vere fullfinansiert.
 - b. Det er ein føresetnad for tilskotet at oppstart av bygging skjer i løpet av 2018.
 - c. Utbetalinga av tilskotet vil skje i løpet av første halvår i 2019.
- 2 Tilskotet vert finansiert av tilgjengelege fondsmidlar, bufferfondet.

Endringsframlegg:

Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, sette fram slikt tillegg under punkt 2 – evt nytt punkt 3:

Fylkestinget ber om at prosjektet planleggast og gjennomførast som fossilfri byggeplass - eventuelt i samarbeid med KS.

Avrøysting:

Det vart røysta for punkt 1 og 2 i fylkesrådmannen si tilråding. Tilrådinga til fylkesrådmannen vart vedtatt med 7 røyster. Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne, og Gunn Sande, Senterpartiet, røysta mot.

Endringsforslaget fall med 8 mot 1 stemme, Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit eingongstilskot på 3 mill. kr til etablering av hangar på Sogndal lufthamn, Haukåsen på følgjande vilkår:
 - a. Prosjektet må vere fullfinansiert.
 - b. Det er ein føresetnad for tilskotet at oppstart av bygging skjer i løpet av 2018.
 - c. Utbetalinga av tilskotet vil skje i løpet av første halvår i 2019.
- 2 Tilskotet vert finansiert av tilgjengelege fondsmidlar, bufferfondet.

SAK 2/18 Søknad om finansieringsbidrag til Stad skipstunnel

VEDTAK:

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 150 000 kroner i 2018 til Måløy Vekst AS til arbeidet med å realisere Stad Skipstunnel.
- 2 Tilskotet vert å finansiere på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2018.

SAK 3/18 Fv. 60, Ugla-Skarstein - Søknad om fråvik for elektriske anlegg

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Det vert gjeve fråvik frå krav om prosjektering etter ny handbok N601 Elektriske anlegg

SAK 4/18 Midlar til mindre skredsikringstiltak for 2018

VEDTAK:

- 1 Løyvinga til mindre skredsikringstiltak for 2018 vert fordelt slik:
 - Fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal kommunen - 10 mill. kr
-

SAK 5/18 Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2018

VEDTAK:

1. Planleggingsmidlar på 7 mill. kr for 2018 vert fordelt slik (i 1000 kr):

Planlegging ufordelt:	-74
Kystvegen – utgreiing:	-158
Fv. 53 Ljoteli:	1000
Fv. 53 Holsbru, omlegging av veg:	150
Fv. 60 Hildestranda – Innvik:	150
Fv. 61 Naveosen – Solibakke:	-50
Fv. 303 Seimsdalstunnelen:	2400
Fv. 606 Bru over Ytre Steinsund:	32
Fv. 607 Heggebø – Leirvik:	800
Fv. 614 Svelgen – Indrehus:	600
Fv. 698 Blaksettunnelen:	250
Fv. 722 Flovegen:	700
Fv. 724 Oldedalen:	100
Fv. 615 Hyen – Storebru:	100
Fv. 548 Brandsøy – Solheim:	300
Fv. 614 Breivika – Svelgen:	600
TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen:	100
-

SAK 6/18 Skriv og melding - hovudutval for samferdsle 13.februar 2018, Jølster kommune

- 1a Møte vedr Gamle Strynefjellsveg
- 1b Meldingstekst

- 2 Fråsegn om grøn transport

- 3a Brev til samferdselskomite i fylkene, på Stortinget og Samferdselsministeren - Kollisjonssikkerheit i buss
- 3b Sikkerhet på sjåførplassen

- 4 Gjennomføring av plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane - revidert

- 5a Fv. 60 Ugla - Skarstein
- 5b Svar - Vedk. krav om bygging av gang- og sykkelveg på strekningen Ugla - Skarstein, Stryn kommune
- 5c Krav om bygging av gang- og sykkelveg på strekninga fv. 60 Ugla - Skarstein
- 5d Vedk. krav om bygging av gang- og sykkelveg på strekningen Ugla - Skarstein, Stryn kommune

- 6 FV 92 - Søreide - Høyanger, Straumenprosjektet - Søknad om prosjektmidlar til å greie ut heve/svingebru

VEDTAK:

Hovudutval for samferdsle ser at FV92 – Straumenprosjektet har fleire positive sider både knytt til næringsutvikling og betra vassgjennomstrøyming, og ikkje minst det at fleire aktørar er villige til å bidra til finansiering. Ber difor om at det blir gjeve tilskot til planlegging i samband med 1.tertial.

- 7a Driftskontraktar med planlagt oppstart i 2018
- 7b Dokument 17/228228-2 Driftskontraktar med planlagt oppstart i 2018 sendt fra Statens vegvesen

VEDTAK:

- 8 Hovudutval for samferdsle ber om å få ei orientering frå Statens vegvesen om parkeringsplassar/kvileplassar for store køyretøy i Sogn og Fjordane.
